

Lynlotteri til klassekassen.

11.03.2017



Elena Oline, Linnea og Anna selde lodd på mange flotte gevinstar.

Vi er kjend med at det no er knappe løyvingar til å gjera anna enn det heilt nødvendige i skulen. I og med at gratisprinsippet gjeld, noko som vi meiner er rett, er det blitt vanskeleg å få til turar og andre viktige sosiale tiltak. Derfor møtte vi i dag tre bilde og flinke jenter på Spar som selde lodd til inntekt til klassekassen i 4.klasse.

Dei fortalde at dei hadde selt lodd ein laurdag tidlegare, og dei trudde at dei skulle selja fleire gonger framover og. Kva dei skulle bruka pengane til var ikkje bestemt, men dei var heilt sikre på at det ville verta noko kjekt. Mange stoppa opp og kjøpte lodd, og det var lett å forstå for dei hadde mange fine gevinstar. Dessutan var det lynlotteri så loddkjøparane kunne sjekka om dei vann der og då.

Dei tre jentene, Elena Oline Jensen Eide, Linnea Hølleland Hauge og Anna Framnes Thoresen, var veldig flinke og tok mot kundane på ein flott måte. Dei fortalde at det skulle koma nye elevar og avløysa dei i salget seinare i dag.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland